



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/8487-1

Skriv og meldingar 24. november 2016 - fylkesrådet for eldre

- 1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande**
- 2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak**

Vedlegg:

Innspel frå Pensjonistforbundet om budsjett

Orientering får Pensjonistforbundet

Ynskje om rutehefte frå 2017, frå Flora eldreråd

Fråsegn om rutehefte frå rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Gaula

Handlingsprogram frå fylkesrådet for eldre i Akershus

Venterom på Nordeide

Kjøp av rutetenester 2017

Informasjon om planvedtak – strategisk plan for kysten

Oppnemning av regionalt brukarutval i Helse Vest 2017 - 2019

Meldesak 1) Innspel frå Pensjonistforbundet om budsjett til fylkespolitikarane

Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane har sendt over innspel på kva dei meiner er viktige saker, og ber fylkespolitikarane om å vere særskilt merksame på fylgjande saker i budsjettetthandsaminga:

- Serviceskyss og TT-kort
- Kollektivtransport og bestillingsruter
- Opplysningar om rutetider og rutehefte
- Billettkjøp på bussar

Meldesak 2) Orientering frå Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane

Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane har sendt over ei orientering om kva dei meiner er viktig ved arbeidsvilkåra for eldreråda, og saker som Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane meiner er viktig.

Meldesak 3) Flora eldreråd har sendt inn ynskje til samferdsleavdelinga om rutehefte frå våren 2017

Flora eldreråd har hatt fleire henvendingar om rutehefte som ikkje kom ut våren 2016. Flora eldreråd har ynskje om at det vert utgjeve og utsendt trykte rutehefte frå våren 2017. Om dette ikkje let seg gjere, er det ynskje om at det vert gjort noko med nettløysinga som er pr. i dag.

Meldesak 4) Fråsegn om rutehefte frå rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Gaula

Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Gaula har sendt over fråsegn til hovudutval for samferdsle om:

- Ordningane for serviceskyss og TT-kort
- Vurdere å opprette bestillingsruter der kollektivtilbodet vert redusert

- Misnøye med at rutehefte ikkje vert trykt opp

Meldesak 5) Handlingsprogram frå fylkesrådet for eldre i Akershus

Akershus eldreråd sitt handlingsprogram for fylkestingsperioden 2015 – 2019.

Meldesak 6) Venterom på Nordeide – frå råd for eldre og funksjonshemma i Høyanger kommune

Høyanger kommune har sendt over søknad om langsiktig driftsavtale for samferdsleknutepunkt i Høyanger kommune. Det trengs naudsynte tiltak for venterom for knutepunkta Vadheim sentrum, Nordeide kai og Ortevik kai. Rådet for eldre og funksjonshemma i Høyanger kommune ber fylkesrådet for eldre om å arbeide vidare med saka.

Meldesak 7) Studietur for dei tre Vestlandsfylka i 2017

Fylkesrådet for eldre inviterer til felles studietur for Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland 3. – 7. april 2017, til Danmark. Det er førebels ikkje informasjon om program og kostnad.

Meldesak 8) Kjøp av rutetenester 2017

Hovudutval for samferdsle har 25. oktober 2016 i sak 45/2016 vedteke rutetilbodet i 2017. Saksprotokollen frå den politiske handsaminga av saka er vedlagt.

Rutekjøpssaka i år omhandlar mellom anna:

- Oversikt og evaluering av gjennomførte innsparingstiltak
- Innspel frå kommunar og andre interesserte
- Innsparingsstiltak 2017
- Prosess innsparingstiltak 2018 - 2019
- Takst for ferje, båt og buss i 2017

Meldesak 9) Informasjon om planvedtak – strategisk plan for kysten

Kysten står framfor endringar i demografi, klima, arbeidsplassar og næringsstrukturar. Strategisk plan for kysten 2018 - 2029 styrer arbeidet med å vidareutvikle kystregionen, og å skape vekstkraftige og verdiskapande samfunn. Hovudmålet er «ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og mange gjestande.»

Fylkesutvalet fastsette 2. november 2016 planprogrammet for strategisk plan for kysten. Det definerer mål og innhald i planarbeidet vidare. Fylkeskommunen fekk mange innspel til planarbeidet i høyringsperioden som no er innarbeidd i planprogrammet.

Meldesak 10) Oppnemning av regionalt brukarutval i Helse Vest 2017 – 2019

1. Styret i Helse Vest oppnemner følgjande medlemmer og vara - medlemmer til det regionale brukarutvalet i Helse Vest RHF for funksjonsperioden 1. januar 2017 - 1. januar 2019:

Medlemmer:

Elisabet B. Salte , FFO Rogaland / Norges Astma - og allergiforbund, Rogaland
 Kari Toftøy - Andersen, FFO Rogaland/Fibromyalgiforeningen, Rogaland
 Gunnar Ekeland, FFO Sogn og Fjordane /Diabetes forbundet
 Jostein Bildøy, FFO Sogn og Fjordane/Hørselshemmedes Landsforbund
 Linn Bæra, FFO Hordaland /Rådgivningen om spiseforstyrrelser (ROS)
 Merete Hauge, FFO Hordaland/ME - foreningen, Hordaland
 Grete Müller, SAFO Sørvest/Norsk Forbund for Utviklingshemmede Rogaland
 Henrik Aasved, Kreftforeningen/Lungekreftforeningen
 Anders Sundbotten, RIO
 Kristoffer Skjolden/Eldrerådet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Vara - medlemmer:

Anbjørg Hellestræ, 1. vara FFO Rogaland/ Mental Helse, Rogaland
 Ingunn Westvik Jolma, 2. vara FFO Rogaland/ Barnekreftforeningen i Rogaland
 Lene Nilsen , 1. vara FFO Sogn og Fjordane/ Cerebral - Pareseforeningen (Hord. Sogn/Fjord.)
 Mariann Kristiansen, 2. vara FFO Sogn og Fjordane/Autismeforeningen, S og Fj.

Magnus A. Heggo, 1. vara FFO Hordaland/Foreningen for muskelsyke (Hord. Sogn/Fjord.)
Erling Jacobsen, 2. vara FFO Hordaland/Bergen Døveforbund
Kjell Inge Bringedal, SAFO Sørvest/Norges Handikapforbund Sørvest
Marianne Reve, Kreftforeningen/NORILCO
Rami Knudsen, Rio
Sven Hove, Eldrerådet i Rogaland Fylkeskommune

2. Brukarutvalet konstituerer seg sjølve på det første møtet for det nye utvalet, og det skal veljast ein leiar og ein nestleiar.

Heile helseregionen er representert i forslaget til nytt regionalt brukarutval. FFO vil få to representantar frå kvart fylke. Det blir totalt 3 medlemmer frå Rogaland, 4 frå Hordaland og 3 frå Sogn og Fjordane. Det er 50 % kvinner og 50 % menn i utvalet. Alle verksemderområda (somatikk, rus, psykiatri) er representerte, og det er ein jamm geografisk og kjønnsmessig fordeling. Kriteria for oppnemning er slik sett fylt opp i tilstrekkeleg grad.

Meldesak 11) Ymse